



No er innsamlinga til bedehuset i gang

**Innsamlinga til Uskedalen bedehus er no i gang og det er sendt ut giroar til bygdefolket med oppmoding om bidrag til fleire tiltak som vil betra standarden på huset.**

Bedehuset har ferdige planar for ombygging av toaletta til livslaup-standard, samt installera varmt vatn i desse romma. Sikringsskapet skal få ny innmat og bli tryggare, Det blir også kjøpt inn nye bord til storesalen. Dette er første byggjesteget. Ei utviding av huset kjem i eit eventuelt steg nummer to.

Styret peikar på at det er mange aktivitetar i bedehuset. Her samlast born og unge til sundagsskule, yngste- og unge røyster, fredagsforum med meir. I hobbyklubben er det aktivitet i alle krokar: Elektronikk i kjellarstova, flyakrobatikk i storesalen, biljard i vetlesalen, avisredaksjon på loftet og bordtennis i gangen.

Annankvar fredag er det småbarnstreff, der born med eller utan bleier i fylgje med vaksne har ei kjekk samlingsstund.

Det er møter, bønemøter, festar og bibeltimar., for å nemna noko. Den kommunale musikkskulen har hatt vellukka konsertar på bedehuset og alle let vel over framifrå lydakustikk.

- Vi vil gjerne ta vare på å betra huset til glede for bygda, skriv styret.

Dei som sit i dette no er Jon Harald Kjærland, Lars Haugland, Inger Anne Leite, Jan Tvedt og Aud Isaksen Haugland.

Av Ola Matti Mathisen